



Mona Johanne Kårbø  
Stølane 8  
5640 EIKELANDSOSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/633 - 14/3076

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@meland.kommune.no

Dato:  
03.03.2014

## Retting av feil i matrikkelkartet for gnr 52 bnr 62

Meland kommune har fått inn krav om retting av grenser i matrikkelkartet for gnr. 52 bnr.62.

Kravet kjem som ei fylgje av tidlegare rettesak på 52/15 der ein vart oppmerksam på at også denne tomta var feil plassert i kartet. Vedlagt krav om retting var eit kart og kopi av skylddelingsforretninga for 52/62.

Retting av grenser er berre aktuelt der grensene ikkje tidlegare er bestemt av kommunen ved kart- eller oppmålingsforretning og der dei ligg i kartet med unøyaktig kvalitet/ usikre grenser. Slik retting av grense utan oppmålingsforretning er heimla i Matrikkellova §26.

### Generell informasjon om/ vilkår for retting av grense:

- Dersom partane det gjeld er samde om kvar grensa går og dei kan dokumentera desse med skyldskifte, jordskifte eller liknande og teikna dei inn på kart så nøyaktig som råd, kan kommunen rette grensene i matrikkelkartet.
- Dersom partane har ulike påstandar, kan grensa verte lagt inn som omtvista grense, dvs fleire aktuelle bruksnummer på same areal.
- Dersom retting av grense ikkje fører fram må partane rekvirere oppmålingsforretning/ påvising av grensa enten hjå kommunen eller hjå jordskifteverket. Dette er den einaste måten å få grensa nøyaktig avklart, eventuelt nymerka og målt på ein etterviseleg måte. Slik forretning må betalast av rekvirent.

Ein gjer merksam på at slik retting av matrikkelgrense ikkje fører til endring av status til grensa. Grensa vert framleis liggande som ”usikker” grense i kartet, men eigedommen sin storleik og plassering vil forhåpentlegvis framstå som meir rett enn tidlegare. Flytting av grensa i kartet endrar heller ikkje på grensa i terrenget. Det er framleis skyldskifte og merka i marka som gjeld.

I denne saka er heile grensa til 52/ 62 søkt retta. Denne eigedommen ligg i dag i kartet som ein sirkeleigedom. Dvs at den er teikna utan eigedomsgrenser og med ein liten sirkel som berre angir at det er ein eigedom her. I tillegg til at denne eigedommen manglar grenser, så har den også grovt feil plassering i kartet. Eigedommen er teikna på nordsida av vegen til Kårboeneset på bnr 5, medan eigar opplyser at den ligg mykje lenger sydvest og ligg på sydsida av denne vegen- framleis på bnr 5. Dette er difor ein grov feil som ein vil søkja å retta opp ved retting av eigedomsgrenser.

På vedlagt kart har ein prøvd å teikna inn rette grenser så godt som råd- med blå strek.

Avstandane som er påført kartet er dei som kjem fram av skyldskiftet for 52/62. Ein gjer merksam på at desse måla er terremål/ skrålma og at horisontale avstandar i kartet ofte avvik frå desse- dvs at dei horisontale måla vert kortare dess brattare terrenget er.

Dersom de ikkje er samde i at denne rettinga vert utført, bed ein om at de kjem med skriftleg tilbakemelding innan 3 veker frå de mottek dette brevet.

Dersom det ikkje kjem inn motførrestillingar til framlegg, vert matrikkelgrensa endra i samsvar med dette. Underretting om retting av grenser vert sendt til dei det gjeld etter at rettinga er utført.

#### Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Anngunn Marie Gullbrå  
fagansvarleg gis/geodata

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Vedlegg:

Framlegg til retting\_1500

#### Kopi til:

Tore Kårbo  
Magnhild Schrøen Tofting

#### Mottakere:

Mona Johanne Kårbo Stølane 8 5640 EIKELANDSOSEN